

Saksframlegg

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 18/39-5

Oppfølgingsliste 3 - 2018

Forslag til vedtak:

Oppfølgingsliste 3 – 2018 vert teken til orientering.

Vedlegg:

Oppfølgingsliste 3 – 2018

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Sekretariatet for kontrollutvalet skal, etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20, 2. ledd sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalet har dei seinare åra fått seg førelagt ei sak om oppfølging av saker som utvalet har handsama tidlegare og som enten ikkje er avslutta, eller som vart avslutta i førre møtet. Dei sakene som er merka med AVSLUTTA vert ikkje med på neste utgåve av oppfølgingslista.

Utvalet får i denne saka oppfølgingsliste 3 - 2018 til handsaming. Lista er oppdatert etter kontrollutvalsmøtet 03.04.2018.

I tillegg til oppfølgingslista vil utvalet få ei sak med oversikt over forvaltningsrevisjonar med status og oppfølgingsdatoar. Denne lista vert lagt fram for utvalet eit par gongar kvart år. Resultatet av dette er at kontrollutvalsmedlemmane til ei kvar tid har oversikt over dei sakene som utvalet har til handsaming og til oppfølging.